

Frå Noregs Ungdomslag

Sak, nyordningi innan samskipnaden.

Bergen

1942.

Til formannen i
Herr
adr.

Ungdomslag,

Eg skal her få koma med ei utgreiding um nyordningi innan Noregs Ungdomslag.

Det er so, at ein helst skulde reist i kring og gjeve ei fråsegn på staden til kvart einskildlag, men med det svære arbeispress me no fyrebils hev, er ikkje dette endå mogelegt før oss.

Eg hev då likevel gjort ein tur til Sogn, mengreidde ikkje halda møte med alle lag, skulda den knappe tidi. Ressultatet vart då likevel særsla bra. Samtlege lag eg heldt umrådingsmøte med frå inste Sogn, og til og med Høyanger, gjekk heilt inn for saki.

Eg vil då tru, at denne skriftæge utgreiding eg no kjem med, vil gjera same nytte, og at det so for Dykk ikkje skulde vera noko meir i vegen, for å gå inn for denne sak, enn dei eg hev halde møte med.

Saki er stutt sagt soleis :

Det at alle lag no skal stå tilslutta Noregs Ungdomslag, er ikkje vorte til so heilt på slump. Her var nemleg sterke krefter som meinte at ungdomslagi var av ein so liberal art, at dei måtte utslettast, og all deira eiga verta inndregi under staten.

Då dette ikkje gjekk soleis, kann me takka gode menn innan Nasjonal Samling for dette. Dei meinte at ungdomslagi hadde gjort so mykje godt for samfundet, kvart lag på sin stad, i form av skogplanting, studie og leseringar, møtekultur, restaurering av kyrkjør osv. at dei måtte få halda fram med dette.

Det vart då gjeve løyve til dette, so framt ein kunde skapa seg vissa for at alle lag gjekk inn før desse sine røynlege uppgåvor, og ikkje rota seg burt i politiske forviklinger, som me no hev sett døme på, og som hev enda med kverrsettjing og arrestasjon.

For og gjenomføra dette, vart det turvande å laga nye lover som kunde høva for alle lag. Desse vart laga so nær dei gamle, som det etter tilhøva var råd med. Det er då heller ikkje nokon som hev noko å segja på arbeidsprogrammet eller lovene, med undantak av styresettet. Men etter at eg hev greidt ut om dette for deim, så hev dei heller ikkje havt meir å segja um dette.

Før var det so at lagi valde sin formann og sitt styre, no tilrår dei, og søker so um godkjenning. I praksis vil dette verta det same. Dei tilrådde vil verta godkjende av oss, so framt dei på annan måte ikkje gjer seg til lovstridige borgarar av samfundet.

I dette skal skapa vissa for at lagi ikkje skeidar ut i berre dans, drykk og anna. Ein mann som vil driva laget i den leid, vil ikkje verta godkjend som formann, og um der er ein slik, vil aer verta kravd ein ny. Dette skadar soleis ikkje noko lag på no son måte, tvert um, ein får lag som bygdene kan vera stolte av å eiga.

Det hev og vore sagt at NS vil gjera ungdomslagi til ein politisk skule for ungdomen. Dette er lygn. Noregs Ungdomslag skal vera ein upolitisk samskipnad, som berre hev sôsiale, samfunds tenlege fyremål. Ein er av den meiring, at politikk innan lagsarbeidet vil skapa kløyving innan laget, og politisk verksend vil soleis ikkje verta told av nokon innan lagsarbeidet. Det er ein annan ting, at dei saker ungdomslagi ungdomslagi hev arbeidt med fram gjennom åri, samstavar so heilt med Nasjonal Samling sitt program, og at ein av den grunn hev funne det rettast å knyta samskipnaden beinveges til departementet, for på denne måten å kunne gjeva samskipnaden mest mogelegt stønad i sine saker.

Noregs Ungdomslag vert soleis ein maktfaktor, som samfundet for ettertidi lyt rekna med.

Kva fyremunar dette nedfører, skulde vera uturvande å peika på, men eg skal likevel taka eit døme. Ungdomslagi hev som kjendt vore dei fremste stridsmenn for målsaki. Når ein no høyrer at ministerpresidenten sjølv hev sett denne saki fremst på arbeidsprogrammet til Noregs Ungdomslag, so skulde dette vera nok til å syna den velvilje son styrresnaktene ser på ungdomslagsarbeidet med.

Når soleis eit lag protesterar mot denne nyordningi, so kan dette berre tyda på to ting :

Antan hev dei ikkje kjennskap til saki, eller ogso strider dei i mot alt det som dei hev stridt so ihuga for å få gjennomført.

Dette er soleis heva yver all diskusjon.

Det er no fastsett ned lov, at alle lag som vil eksistera, skal stå tilslutta Noregs Ungdomslag. Dette er ei lov som ein kan koma utanum, då dei ellers vil få kverrsett all si eiga, som so går inn i Noregs Ungdomslag som eigedom. Dei som søker, eller hev søkt å spreida nidlane til laget sitt, for sidan å leggja ned, dei må og veta at dei gjer seg skuldig i straffbar handling, og må då taka dei fylgjor som dette ber med seg. Ikkje noko lag kan leggja ned utan etter løyve frå oss, og det styre som soleis går frå sitt arbeid, må vera budde på og bera det strafferettslege annsvar dette nedfører.

Som De forstår, so hev De alt å vinna, men ingen ting åtapa. Eg er yvertydd um at Dykkar lag, ikkje meir enn lag i Sogn vil rota seg burt i slik toskeskap, når De no får kjennskap til saki.

Eg skal so nemna eit par av dei saker som Noregs Ungdomslag hev arbeidt med, og no fenge gjennomført.

Atterreisingi av den gamle Filefjellkyrkja, som Noregs Ungdomslag hev stridt for, vil no verta atterreist, då ein no hev fenge diponert midlar til dette.

Noregs Ungdomslag hev nc fenge sin Nasjonalhøgskule, den ligg i Bærum, og vart innvigd for stutt tid sidan. Dette er ikkje, som det hev vore sagt, ein politisk skule for ungdomen, det vil ein skyma når ein høyrer at fleire av lærarkreftene ikkje står tilslutta NS. Dette er ein skule for frenjong av Norsk kultur, so som upplæring i folkevisseleik studiearbeid osv. i det heile hjelpa til å frenja alt som er særmerkt Norsk, på eit nasjonalt grunnlag. Dette hev ellers vore ungdomslagi si største uppgåva fram gjennom tidene og det er soleis eit rettferdig tarv som no er stett.

Til denne skulen hev kvart einskildlag rett til å senda sine representantar.

Det vidare arbeidsprogram vil for ettertidi verta mykje meir vidfemnande enn før, og ein ventar stor tilslutning frå einskildlagi i denne samanheng. Dei skal då peika på kva som er nest samfundstenleg, kvart lag i si heimbygd.

Det kan i samanheng med ~~dette nemnast~~ dette nemnast, at det må vera ei stor uppgåva for einskildlagi, at dei no går inn for reising av badstovor eller folkebad i kvar bygd osv. Det er i det heile ingen mangel på arbeidsuppgåvor, og ein hev no rett til å venta seg den turvande stønad i sakene, noko som det før var smått med, då dei førverande styresmakter hev synt lite skynd av ungdomslagsarbeidet.

Eg meinat no og ha gjeve den turvande kjennskap til saki. Når De no les gjennom lovene, vil De sikkert finna svar på det som tykkjест vera uklårt for Dykk. Skulde dette ikkje strekka til, so står me gjerne til tenest med svar.

Eg sender no med dei nye lovene som heretter gjeld for alle einskildlag, likeeins meldingsskema og eit skema for kartotek-föringi her, som me må hava for og få den turvandeøkonomiske yversikt. Dette er naudsynt, då me reknar med, at det parallelt med dei ymse arbeidsuppgåvor, vil koma krav um stønad.

Lesse skema fyller De ut etter beste skyn, og i samsvar med rekneskapen til laget Dykkar. De sender to eksemplar av kvart slag til meg, dei andre skal De hava til eigen orientering. Eg ventar snarast å få desse til meg sendt.

Ig skal med same få gjera merksam på, at forfallen lagsskatt vil verta innkravd for tri år attende. For lag som før ikkje hev stade tilslutta Noregs Ungdomslag, vert det å betala frå noverande år osv. Denne vert no å senda beinveges hertil kontoret. Me tek i mot det her frå alle lag, og sender det so vidare til hovudkontoret i Oslo.

Lagsskatten er fyrebils den same til Noregs Ungdomslag, kr. 0.50 pr. lagslem. Denne må der ordnast med snarast.

I von um at dette ordnar seg på beste måte, ynskjer eg lukka til.

Etter fullmakt

For Noregs Ungdomslag

Dagvald Bakke

adr Strandgt. 77 - 3 etg.

Bergen.